



Leiv Jan Fosse
Fosse 146
5919 Frekhaug

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/4188 - 23/58310

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
13.07.2023

Løyve til å byggje dels mellombels landbruksveg på gbnr. 325/17 Fosse i Alver.

Administrativt vedtak: Saknr: 763/23

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Leiv Jan Fosse løyve til å byggje landbruksveg som søkt om på gnr. 325, bnr. 17 i Alver kommune.

Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga varslast.
- Så langt det let seg gjere skal ein unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir. Også ved hogst skal ein unngå køyreskader og kvist og anna hogstavfall skal ikkje vere til hinder for turgåarar.
- Tiltakshavar lyt syte for dokumentasjon på at eventuelle massar som vert køyrt til utanfrå, ikkje er ureina.
- Skal noko av vegen nyttast som tilkomstveg til bustadfelt, må dette avklarast i planarbeidet.
- Veganlegget må byggjast i samsvar med krav sett i «normalar for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for vegklasse 7 – traktorveg. Avvik kan førekome i høve vegbreidde.
- Vedtaket er gyldig til 01.08.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 01.08.2027. For den del av vegen som er, skal vegen fjernast seinast eitt år etter at hogst er gjennomført og seinast innan 01.08.2030. Om den skal gjerast om til turveg, må dette skje i samråd med Alver kommune, kultur.
- Vegen må byggjast slik det kjem fram i saksutgreiinga.
- Området skal ryddast opp etter at hogst er gjennomført slik at stiar er i området er like framkommeleg som før hogsten.
- Tiltakshavar lyt syte for og er ansvarleg for at privatrettslege tilhøve er avklara.

- Eventuelle løyve etter anna offentleg regelverk som t.d. avkøyrsløyve/endringsløyve til offentleg veg, ly òg vere på plass før oppstart av anlegget.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan fristen for løyvet, fell løyvet bort, jf. landbruksveg-forskrifta § 3-2.

Saka gjeld

Leiv Jan Fosse søkjer om å få byggje ein mellombels landbruksveg i vegklasse 7 – traktorveg på gnr. 325, bnr. 17 slik som fig. 1 neste side syner. Vegen vert om lag 350m og løyser i fylgje søknaden ut om lag 540m³ hogstmoden skog – for det meste granskog. Om lag 410m³ av dette står på søkjar sin eigedom, resten på naboeigedom mot sør (gnr. 324, bnr. 5). Vegen er kostnadsrekna til om lag kr 250.000,- som gjev ein meterpris på 750,-. Vegbreidda er oppgjeve til 3 m. Vegen skal byggjast med massar frå Flatøy som skal mellomlagrast i samband med vegbygginga – sjå fig. 2 nedanfor.

Ut frå utrekninga av ståande kubikkmasse, ser vi at det kan vere noko lågare tal m³ enn kva som er oppgjeve i søknaden. Dette då det ser ut til at eit tre er rekna som ein sylindar og ikkje som ei kjegle med smalare topp enn stamme i t.d. brysthøgde.




Fig. 1. Vegtrasé og dekningsområde.
Kjelde: Søknad.




Fig. 2. Areal for mellombels messedeponi.
Kjelde: Eterspurt dokumentasjon frå Vill plan AS.

VURDERING:

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveien» er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av framføringa av vegen.

Vegen gjev tilkomst til uttak av noko skog på gnr. 325, bnr. 17, samt eit avgrensa uttak på gnr 324, bnr. 5 som er naboeigedom til gnr. 325, bnr. 17.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der samla belastning for økosystemet er vurdert både på staden men òg i ein større samanheng.

Etter søk i Naturbasen via gardskartet og Artsdatabanken er det gjort funn av Åkerrikse. Denne fuglearten er raudlista og i utgangspunktet vil ein slik observasjon kunne stogge eit slikt vegprosjekt. I dette tilfellet er funnet frå 1977. Det er så gammalt at kommunen ikkje kan leggje så stor vekt på det, sidan det ikkje har vore observert åkerrikse i området på over 40 år. Utover dette er det ikkje funne registreringar som vert påverka av vegbygginga.

Søknaden har vore sendt på høyring til regionalt kulturminnemynde og internt i kommunen for vurdering i høve i kulturminne- og friluftsiinteresser. Søknaden er òg sendt til Statsforvaltaren.

Alver kommune, kultur har ikkje merknader til bygginga av landbruksvegen. Det vert likevel peika på at området ovanfor landbruksvegen har omsynssone for friluftsliv i kommunedelplanen for Meland kommune. Stien frå Fossesjøen mot Storknappen går òg over denne eigedomen og gjennom omsynssona. Konklusjonen er at ved hogst må det takast omsyn til stien ved at ein unngår køyreskadar. Alver kommune, landbruk er samd i dette og vil leggje til at hogstavfall ikkje skal vere til hinder for turgåarar.

Vestland fylkeskommune har ikkje kjennskap til automatiske freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som tiltaket kan kome i konflikt med. Dei har såleis ingen avgjerande merknader i saka, men held fram at ein under opparbeiding av vegen søkjer unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar og tufter med meir.

Fylkeskommunen minner òg om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Om automatisk freda kulturminne som funn av gjenstandar, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast frå om til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Gransking vil verte utført mindre enn tre dagar etter at fylkeskommunen har fått teke i mot slik melding.

Statsforvaltaren har òg kome med uttale. Dei har etter ein kort utsjekk av miljøinteressene ikkje funne at viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar vert råka av veganlegget.

Statsforvaltaren peikar på det grunnleggjande kravet i landbruksvegforskrifta, der landbruksverksemd skal utgjere hovudføremålet med vegen og stiller spørsmål om så er tilfelle her. Dette med bakgrunn i at eigedomen skal regulerast til bustadfelt. Alver kommune, landbruk har tenkt same tanken og spørsmålet har difor vorte reist og drøfta internt i kommunen med avdeling for plan- og byggesak som mellom anna handsamar private reguleringsplanar. Råda derifrå var at saka bør handsamast etter landbruksvegforskrifta. Svaret var tufta på at det per i dag vert arbeidd med planinitiativ og at det vil ta lang tid før reguleringsplanarbeidet er ferdig. I tillegg er store delar av veganlegget ein mellombels veg, men utan at kor stor del av det er spesifisert i søknaden.

Det er søkt om bygging av veg i vegklasse 7. Dette er ein «lett» veg, men med krav om vegbreidde på minimum 3,5m i «Normaler for landbrukeveier – med byggebeskrivelse». I vedlegg til søknad frå Vill plan går det fram at vegbreidda skal vere 3m. Dette fell innanfor krava til vegklasse 8 – enkel traktorveg – der krav til vegbreidde er minimum 2,5m.

Sidan store delar av vegen er ein mellombels veg, meiner kommunen at ein kan fråvike krava til vegbreidda, eller alternativt godkjenne vegen som vegklasse 8. Kommunen er oppteken

av at vegen ikkje har for låg standard i høve til ein fornuftig tiltaksklasse. Samstundes ser vi at smalare veg vil gje mindre naturinngrep.

Ut frå dette har kommunen kome fram til at det må vere greitt å byggje vegklassen i den standarden det her er søkt om, men at ein fråviker krava til vegbreidde.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-var» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

At kommunen har gjeve eit løyve til bygging, går ikkje framom manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Det same gjeld avkøyrsløyve/endringsløyve til offentleg veg, noko som må vere avklart før bygging tek til.

Vi minner om innhaldet i § 2-3 i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar står det at «søkeren skal på forhånd ha underrettet de som blir berørt av veiltiltaket og gi opplysninger i søknaden om at dette er gjort». Vi legg til grunn at dette vert gjort.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova
- Offentleglova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/4188»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Vill Plan As

C. Sundts gate 37

5004

BERGEN

Mottakarar:

Leiv Jan Fosse

Fosse 146

5919

Frækhaug